



**Trygve Eik, 90 år, frå bruk 2 på Eik, Padlane, i Uskedalen bur på Måge i Hardanger. Han bur åleine i huset sitt, steller seg sjølv og held seg i god form med hagearbeid og førefallande arbeid ute og inne.**

Rett nok har han heimehjelpa innom, men den spreke 90-åringen føl godt med, er kjapp i replikken og spør etter kjenningar frå heimbygda Uskedalen.

Trygve Eik og Jon Steinsletten kom i ung alder til Alsåker og var drenger på fruktgardane der. Dette var ei vanleg arbeidsform i tida før og etter krigen.

Vi kjenner fleire frå Uskedalen som fekk seg arbeid på fruktgardane i Ullensvang. Nokre fann ektemaken sin der. Nokre vart buande, andre kom attende til Kvinnherad med kona si frå Hardanger.

Trygve møtte såleis ho som vart kona hans, Brita Måge, og dei busette seg på garden Måge i Sørfjorden. Dei fekk 4 born, alle jenter.

Ja, det hadde seg slik at han og broren, Bjarne Eik, vart gift med kvar si syster.

Bjarne og Brynhild busette seg i Padlaporsen i Uskedalen, mens Trygve har heile sitt liv vore i fjorden.

Trygve har for det meste hatt arbeidet sitt i byggjebransjen. Vi må og ta med at Trygve Eik er nr 5 av ein sykenflokk på 11. Foreldra er Nils Olsson Eik og Berta Larsdotter Alsaker.

Tre sysken lever, to i Kvinnherad og Trygve på Måge.

Tekst og foto:Kristian Olav Bringedal